

Prosedyre ved mistanke om mobbing i barnehage :

Melding om mistanke om mobbing kan kome både frå barn, foreldre/føresette, tilsette og andre. Den kan vera skriftleg, munnleg eller digital.

Prosedyre	Ansvar	Utført, dato
Den som får kjennskap til mobbing skal informera næraste leiar så raskt som mogleg	Alle	
Styrar skal ha informasjon når det er mistanke om mobbing. Alle meldingar om mobbing skal dokumenterast av styrar. Informasjon til pedagogisk leiar.	Den som tek i mot melding/observerer mobbing. Styrar	
Informasjon til tilsette som er involverte i barnegruppa på avdelingsmøte eller i eige møte Beskriv så konkret som mogleg kva som har skjedd, og kva dei vaksne har gjort. Bli samde om tiltak	Pedagogisk leiar i samråd med styrar	
Foreldre til involverte barn skal informerast og tas med på råd. Ha fokus på heimen si oppleving av eige og andre barn sin trivsel og læringsmiljøet i barnehagen.	Pedagogisk leiar i samråd med styrar	
Gjennomføre barnesamtaler med involverte barn Gjennomføre observasjonar av barn og tilsette på avdelinga Dette skal dokumenterast	Pedagogisk leiar i samråd med styrar	
Nytt avdelingsmøte etter 1-2 veker <ul style="list-style-type: none"> • Evaluering av korleis det går • Gjennomgang av observasjonar • Gjennomgang av samtalar med foreldre og barn Vidare tiltak Informasjon til involverte foreldre om status og eventuelt gjennomføring av nye samtalar.	Pedagogisk leiar i samråd med styrar. Andre tilsette på avdelinga	
Ny evaluering og oppfylling minimum ein gong pr. måned, til saka er løyst.	Pedagogisk leiar i samråd med styrar	
Dersom saka ikkje er løyst etter tre månader, skal andre samarbeidspartnarar involverast.	Styrar	